

Bygdabladet

for BOKN




Åtte boknarar tok med seg 28 pokalar heim frå dansehelg i Stavanger. Les meir s. 6



Den planlagde skytebanen i Tverrdalen på Gunnarstad er alfa og omega for Skyttarlaget, og laget må leggja ned dersom denne ikkje blir realisert.

Les meir s. 4



"Å leia er å vera menneskeorientert" var essensen i Jan Spurkeland sitt engasjerande og interessante foredrag i Bokn Næringsforum mandag den 14. november. Les meir s. 8



2005 er utpeika til Friluftslivets år, og eldrerådet i Bokn har tatt initiativ til å gjera noko ut av det.

Les meir s. 11

Bokn Bufellesskap skal styrast frå Sjøhuset

Reidar Alvestad

Bokn Bufellesskap har i lengre tid vore ute etter ledige lokale med m.a. kontor, møterom og rom med høve for overnatting. Nå har dei skrivne langtids leigeavtale med eigaren av Sjøhuset i Alvestadkroken, kor dei skal leiga heile 2. og 3. etasje.



Frå 2. og 3. etasje i Sjøhuset vil Bokn Bufellesskap administrera drifta si frå 2006.

Endeleg ei løysing

Leiar av Bokn Bufellesskap, Ove Alvestad, seier til Bygdabladet at avtalen om langtidsleige i Sjøhuset er komen i stand etter at eit tidlegare prosjekt om innreising og leige av toppetasjen av Boknatun ikkje blei realisert.

Det som nå skjer på Sjøhuset er at 2 store leiligheter i 3. etasje blir omgjort til 4 kontor. Det blir 2 kontor i kvar sin ende av Sjøhuset. I gangen mellom kontora er det toalett og arkiv/kopierom.

I tillegg er det ein leilighet i 2. etasje som blir ombygd slik at han får 2 soverom i tillegg til kjøkken, opphaldsrom og bad. Dette har Bufellesskapet bruk for til tilsette, i tillegg til dei overnattingsplassane dei har på Torland og i Myrå.

I 2. etasje blir det store selskapslokalet verande som det er i dag, og vil bli brukt til møte- og kurslokale. Eigaren set kontor og leilighet i stand, medan Bufellesskapet sjølv ordnar med kontormøblement og kontorteknisk utstyr.

Samla på ein stad

Inntil nå har Bufellesskapet hatt det litt primitivt i brakka ved innkjørselen til Torland. Det har vore meint som midlertidige kontor til dei fekk betre løysingar. Dei nye lokala i sjøhuset blir ei skikkeleg betring i forholda.

Dei som skal inn på kontora er leiar av Bokn Bufel-



Slik ser leiligheten mot vest i 3. etasje ut før han er skikkeleg avdelt. Rammene viser at det blir 2 kontor som begge får godt med dagslys inn.

lesskap, Ove Alvestad, og ansvarleg for rekneskap og økonomi - Sigrunn Eilerås. I tillegg er det to avdelingsleiarar som vil ha ein del kontorarbeid og nytta dei 2 resterande kontora.

Dermed blir alt samla i eitt bygg utanom Torland og Myrå. Bufellesskapet leiger nå ein bustad i Havnavegen som dei har sagt opp.

Avtalen om leige går ut på at lokala skal vera innflyttingsklare til 01.01.2006.



Slik ser det eine av dei 2 kontora mot Boknasundet i 3. etasje ut. Det er rimeleg god storleik på kontora, og ei fantastisk utsikt mot sundet og Austre Bokn.

Det er Bokn Bygg som har arbeidet med ombygging av lokala.

Bufellesskapet i utvikling

Med ein slik organisasjon i kommunen, vil det alltid vera trong for informasjon ut til lokalsamfunnet. Bygdabladet vil i 2006 koma tilbake med ein artikkel om Bokn Bufellesskap.

Frå formannskaps- møtet 15.11:

Sak 054/05 **SØKNAD OM STØTTE TIL KJØP AV MJØLKEVOTE**

Formannskapet sitt vedtak:

Det blei vedtatt regler for støtte til kjøp av melkekvote.

Sak 055/05 **OPPMÅLINGSGEBYR 2006 FOR BOKN KOMMUNE.**

Formannskapet sitt vedtak:

formannskapet vedtok oppmålingsgebyr gjeldende fra 2006.

Sak 056/05 **SKULEMILJØUTVAL**

Formannskapet sitt vedtak:

Ved Bokn skule skal samarbeid-
sutvalet vere skulemiljøutval.
Elevane har 2 representantar, foreldra 5, dei tilsette 3 og kommunen 3, slik at foreldra og elevane utgjør fleirtalet i skulemiljøutvalet.

I saker med lovfesta teieplikt der elevane ikkje kan vera til stades, har foreldra dobbeltstemme.

Sak 058/05 **SØKNAD OM STØTTE - BALLBINGE I HAVNA-
VEGEN**

Formannskapet sitt vedtak:

Bokn kommune løyver 30.000 kr. til ballbingen i Havnavegen.

Sak 059/05 **KULTURPRISEN 2005.**

Sjå s. 7



BERRE BYRJINGA: Det mykje omtalte og spennande prosjektet Føresvik nærmiljøanlegg går etter planen. Ungane har allerede merka nokre forandringar rundt skulen; bordtennisbord, sykkelstativ og rydding av akebakke er noko av det. På leikeplassen er enkelte nye apparat på plass, der storreila "Kråkerei" førebels er mest populær. Men denne plassen skal også gi rom for klatrehus/stativ, klatrevegg, balløkke med

ballvegg og rusjebane. I skogen på austsida skal det bli aktivitetssjunge/hinderløype, på vestsida av skulen skateområde og sørsida sandvolley, for å nemna noko. Trass i årstida har me hatt to fine dugnadslaurdagar (5. og 19. nov.)

Takk til alle foreldre som stiller opp, og spesiell takk til Lars Ove Vatnaland og Annstein Vik for stor innsats med maskinkraft begge dagane!

Lokalt

Får G9alt-stipend

Jardar Havikbotn



Bjarne Nedrebø vil 14. desember motta stipend frå talentfondet G9alt.

Den talentfulle austrebokna-

ren, som Bygdabladet hadde ein reportasje om i september d.å., er ein av 19 ungdommar frå Rogaland og Agder som vil få stipend.

Det han ikkje veit er om han vil motta kr. 50.000,- eller kr. 25.000. Styret i talentfondet G9alt i Sparebanken Rogaland skal nemleg dela ut fem stipend a kr. 50.000,- og 14 a kr. 25.000,- Dette vil ikkje bli kunngjort før arrangementet i Bjergsted i Stavanger (kl. 18.00). Då vil det nok kribla

litt ekstra i magen til maskiniststudenten.

Bjarne blei også nominert til Kreativitetsprisen i regi av Bokn næringsforum i haust.

På lista over dei 19 vinnarane finn me m.a. Christina Bjordal frå Haugegesund, som har mor i Bokn og som har hatt fleire konsertar i Bokn kyrkje.

Bygdabladet gratulerer!



Skytebane livsviktig for Bokn skyttarlag

Jardar Havikbotn

Den planlagde skytebanen i Tverrdalen på Gunnarstad er alfa og omega for Skyttarlaget, og laget må leggja ned dersom denne ikkje blir realisert.



UNDERSTREKER BEHOVET: Skyttarlagsformann Egar Våge (th.) og konsulent Rolf Yngve Stenhaug på dagens falleferdige standplass. Nede th. ei heimelaga pute som blir brukt under trening.

I så fall blir Bokn, i følge "Det frivillige Skyttervesen" (DFS), den einaste kommunen i landet utan skyttarlag. Det finst nemleg eitt eller fleire slike lag i samtlige av Noregs kommunar, 160.000 skyttarar i 913 lag. DFS er Noregs nest største idrettsorganisasjon.

Skyttarlagsformann Edgar Våge har, saman med 25 andre aktive medlemmer og 6 støttemedlemmer i laget, i fleire år venta på den innregulerte skytebanen i kommuneplanen.

- Dagens reglar krev overbygg over standplass pga. støy - utan at bråk frå skytinga tilsynelatande er noko problem for nærliggande hus og hytter, meiner Edgar.

Krav

Det var i 1998 at det kom nye krav for skytebanar. Då byrja ballen å rulla for Bokn sine skyteentusiastar, og dei knytta til seg Rolf Yngve Stenhaug, som då var skytebanekontakt. Stenhaug, som har har solid bakgrunn frå skytemiljø, utdanna innan offentleg forvaltning og har jobba hos Fylkesmannen i Rogaland, fungerer som skyttarlaget sin konsulent i skytebaneprojektet.

Støyberekningar blei tatt og arkitekt var inne i bildet. I 2003 var reguleringsplanen ferdig og prosjektet kom inn på prioritert handlingsprogram i kommunedelpla-

nen for idrett og friluftsliv.

Søknad om spelemidlar blei sendt i 2004 og 2005, og vil også bli sendt i 2006. I dag er det fleire års ventetid på å få støtte til ordinære idrettsanlegg (ikkje nærmiljøanlegg). Bygdabladet har grunn til å tru at det er Skyttarlaget sin tur til å få neste år. Kommunen sin andel er stipulert til kr. 345.000,-

Småvilt

Det er snart 27 år sidan Tore Taraldlien og Inge Alvestad sysla med tankar om å danna eit skyttarlag. Då hadde Tore drive småviltjakt på Bokn i fleire år. Han hugsar m.a. orrfugljakt saman med Vidar Grønnestad i tillegg til at han skaut hare.

- Eg tok min siste hare i Loden rundt 1978, kjem det frå Tore, som humrar over eit mislykka forsøk på å setta ut hare då sorten forsvann frå bygda.

- Me kjøpte rundt 20 harar frå Austlandet, halvparten av kvart kjønn, med tanke på at dei skulle formera seg. Så viste det seg at det var feil type. Dei blei snøkvite i september og ekstra lette å sjå for rovfugl. Me skulle også ha skaffa oss fleire hoer og færre hannar, ler Tore.



Foto: Kari Hetland

Skyttarlagsveteran og jaktleiar i jaktvaldet Hognaland/Laupland, Arvid Sæbø, fylgjer med Håvard Hetland på trening til storviltsprøven.

Storvilt

På den tida var det ikkje mykje hjort å sjå i Bokn, og dei som jakta hjort måtte til andre kommunar for å ta

den årlege storviltsprøven, eit oppskytingsgebyr på kr. 200,- alle jegarar som jaktar hjort og rådyr må ta, som regel i tida januar - august. Ein jegar må også ha jegerprøven for å kunna jakta, t. d. småvilt med hagle. Denne prøven, som ein berre tar ein gong, består av teori og praksis.

12. mars 1979 var det første styret klart, med Annbjørn Sunde som formann. I byrjinga trena dei inne, i diskoteklokalet i 1. etasje i Kyrkjebygd kulturhus. Arvid Sæbø, også ein Skyttarlag-veteran, kan fortelja om kjempstor aktivitet den gongen, med lange køar for å få skyta.

Det blei også kjøpt inn eit leirdueskyte-apparat som dei brukte rundt omkring i utmarka. Skyttarlaget tok ein pause på 1980-talet før dei starta opp igjen i 1989, då i Tverrdalen på Gunnarstad.

Nå ynskjer Arvid forslag til nye aktivitetar i laget.

Han minner også om at Tysvær Jeger- og fiskeforening startar opp JEGERPRØVEN, teoretisk prøve til våren.

Dette kurset kan også bli sett opp i Bokn - med nok påmelding.


Interesserte kontaktar Arvid Sæbø 90 51 59 10 Jenter (frå 16 år og oppover) blir spesielt oppfordra til å melda seg på.

Dette kan t.d. vera miniatyrskyting to kveldar i mnd. med luftgeværskyting for både ungdom og vaksne.

Ungdomsarbeid

Det som boknarar helst forbinder med Bokn skyttarlag er luftgeværskyting på 17. mai. Nasjonaldagen blir for mange ikkje det same utan den populære aktiviteten. Tore hugsar at det blei kjøpt inn nokre luftgevær i starten. I dag har laget åtte slike og fire gevær av kaliber 22.

Edgar skyt inn at sistnemnde gevær er berekna til rekrutteringsarbeid for ungdom opp til fylte 18 år. Dei



Frå planskissa til det framtidige klubbhuset til Bokn skyttarlag.

unge skal få prøva seg på skyttarsporten i ei trygg ramme kor tryggleiksrutinane er det viktigaste i opplæringa. For å leggja til rette for dette må den planlagde skytebanen realiserast.

Banen blir 100 m lang og vil ha elektroniske skiver. Skyttaren ser då resultatet på skjermen han har ved sida av seg på standplass, der det blir plass til fire skyttarar om gongen. Dette kan også utvidast dersom det blir behov for det.

Den overbygde standplassen vil ha eit tilliggande hus med to rom.

Det skal også jobbast med veg opp til området. La oss håpa at alt ordnar seg slik at Bokn får eit slikt idrettsanlegg i framtida.

Stor prestasjon

Jardar Havikbotn

Stian Emberland blei kåra til beste boksar på eit stemne i Tønsberg 1. oktober.

Det er eit år sidan Bygdabladet skreiv om boksetalentet som budde på Bokn og pendla til Stord for å trena. Nå er han fastbuande og skuleelev i kommunen på Stordøy og er blant Stord bokseklubb sine mest profilerte medlemmer.

18-åringen slo bokstaveleg talt skikkeleg til under turneringa i Tønsberg i helga, der heile Norgeseliten var samla. Den 22-år gamle seniorboksaren Carlos Flores, som er rangert som nr. 2 i landet, blei slått 3-0 av haugalendingen. Landslags-sjefen i boksing fekk også med seg dette oppsiktsvekkande reultatet.

- Han sa til meg etter kampen at eg "fant ut av" senioren, som var vanskelig å boksa mot, seier Stian. Den hardtslåande tømrrar-eleven går inn i seniorklassen når han blir 19. Då satsar han også å koma på landslaget.


- Ja, eg må boksa fleire kampar før eg blir landslags-aktuell, fortel ein som framleis drøymmer om å bli profe-

sjonell boksar.

Forholda skulle vera dei aller beste. Han trenar 5,6 dagar i veka i ein klubb med godt miljø og gode trenarar. Han spring også rundt 6 mil i veka og føler seg i god form. Talentet er der, han jobbar målretta, og han har allerede ved fleire høve vist at han er i landets bokseelite.

Neste turnering er i Kristiansand om to veker. Han skal også delta i ein cup i Danmark seinare i haust.

- Eg satsar på å få meg 15 kampar før NM i Stavanger i februar 2006, avsluttar Stian Emberland.



Stian Emberland med imponerende fangst etter stemnet i Tønsberg. Den største pokalen er bestemannspremien.

Publisert 03.10.05

Storfangst under NM i fleirdans og Vestlandsserien

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Arvid Mæland & JH

Åtte boknarar tok med seg 28 pokalar heim frå dansehelg i Stavanger.

Det var fire par av dei lokale dansarane våre som drog til Tastarustå-hallen første helga i november. Laurdagen var det Noregsmeisterskapet 2005 og dagen etter 6. og siste runde i årets Vestlandsserie i dans.

Vilhelm Våge & Amalie Våga (Junior rekruttering), Roar K. Medhaug & Benedicte O. Mæland (Barn 2 rekruttering), Ruben Våga & Tonje K. Medhaug (Barn 1 rekruttering) og Jone Våga & Linn Sørvåg (Barn 1 rekruttering) gjorde ein framifrå innsats.

I NM fekk Vilhelm & Amalie ein 5. plass, og Roar & Benedicte ein 3. plass i sin klasse.

I Vestlandsserien oppnådde dei to eldste 3. plass i standard og 4. plass i latin medan Roar & Benedicte tok 3. plassen i begge konkurransane.

Alle deltakarane i Barn 1 rekruttering får delt 1. plass.

Jubel

Dei store gledeshyla blant dei tilreisande frå Hegren sportsdanseklubb på Sjonar kom då vinnarane av Vestlandsserien samanlagt skulle offentliggjera. Det var nok mange rare fjes å sjå då Roar & Benedicte tok førsteplassen i både standard og latin! Ein kjempebragd og stor inspirasjon for det talentfulle paret, som har dansa saman sidan mai i fjor.

Premiane var flotte statuettar/pokalar innramma i glass. Gratulerer!

Sist dei flinke dansepara frå Bokn opptrådte i gymsalen var under pensjonistfesten 27. oktober. Dei som går på Falkeid IL si julemesse 3. desember vil få oppleve dansarar frå Hegren.



REGLAR: Håret må vera kortklipt eller oppsett. Dommarane skal sjå nakken når dei dansar. Sminke og paljetter får ein heller ikkje lov å bruka (i noverande klassar). Primus motor i Hegren, Wendy Riber, får her hjelp av June Kro og Mona Våga til dette arbeidet.



INNMARSJ: Rundt 300 deltakarar var det i den store og luftige hallen.

Fordel i andre idrettar

Det er påvist at dansarar m.a. får fordel av god balanse og koordinasjon når dei deltar i andre idrettar, t.d. fotball, der Brasil ofte blir nemnd i den samanheng. Forskarar er nemleg overbeviste om at Brasil er så gode i fotball fordi dei dansar så mykje.

Med tanke på dette og dei gode resultatene Wendy Riber får fram i Hegren sportsdanseklubb skulle alt lova godt for framtidig rekruttering i danseklubben på Sjonar.



Roar & Benedicte har nettopp mottatt 1. Premie samanlagt i Vestlandsserien 2005 i standdans.



Foto: JH

PREMIEDRYSS: fh. Amalie, Ruben og Jone Våga, Tonje og Roar K. Medhaug, Linn Sørvåg, Benedicte O. Mæland og Vilhelm Våge med til saman 28 pokalar! Du kan også sjå dette bildet i fargar på forsida av bladet.

Kino i 2006

Etter eit år med kino på tysdagar er det neste år klart for kino på fredagar igjen.

Dette går fram av Bygdekinoen sin sendeplan for 2006, der første besøk i Bokn blir 13. Januar - og då stikk også kanskje sjølvaste Harry Potter innom.

Dessverre fekk me ikkje til å visa "Harry Potter og ildbegeret" før jul. Storfilmene skulle vera ein ekstrabonus på slutten av kinoåret, men dei dagane som passa for kinomaskinisten gjekk ikkje saman med kulturkalenderen vår.

Dårleg kinodag


Det har vist seg at tysdag har vore ein dårlegare kinodag enn fredagen, så dårleg at det ikkje er økonomisk forsvarleg å visa kino i desember.

Trass i fleire protestar gjennom året har ikkje Bygdekinoen lukkast i å omplassera Bokn i ruta for Sørlandet og Sørvestlandet.

Statistikkar fortel oss at me no går betre tider i møte.

Kulturkontoret takkar Bokn idrettslag for godt samarbeid i konoåret 2005!

Kanskje får me besøk av Harry, Ronny og Hermine og dei andre på kino 13. Januar.



Kulturprisen 2005

Jardar Havikbotn

Formannskapet gav i møte 15.11 årets kulturpris til Venevil Birkelund, Oddrun Nilssen og May Jorunn Vatnaland med gruppa Songtrioen.

Dei får prisen for å ha spredt glede i bygda med songen sin i nærare 10 år. Forutan å vera faste aktørar på kulturkveldar på Bedehuset og i kyrkja, har dei vore, og er, naturlege kulturformidlarar ved ymse konsertar og

tilstellingar.

Opptinna deira er prega av musikalsk mangfold og kvalitet.

Kulturprisvinnarane starta barnekor hausten 1998 og har lagt ned mykje arbeid der. Koret er framleis aktivt og sprer glede rundt i bygda.

Prisen blir delt ut på Luciafesten 11. desember.



Bamsens dag 2005

Tekst: Linda Ognøy - foto: JH

Eit av dei faste årlege arrangementa på biblioteket er feiringa av Teddybjørnens dag.

Dette året vart dagen feira torsdag 3. november.

Born i alderen 3–5 år var inviterte saman med bamsen eller kosedyret sitt. Nærare 30 stk. møtte opp til bamsens bursdagsfest.

Spesielt inviterte var politibamsen "Eddy" og politibetjent Kyrre Lindanger.

Kyrre las boka "Politimannen som brukte smokk", og jammen hadde Kyrre ein smokk i snor rundt halsen og.

Ungane syntest det var stor stas å ha bamsen Eddy på besøk så det vart mange klemmar på han.

Etterpå var det bursdagssangar for bamsen. Gjestene fekk servert boller og saft, og sjølvsaft var det seigmenn og bamsemums.



Politibetjent Kyrre Lindanger, med tukt rundt halsen, las m.a. boka "Politimannen som brukte smokk".

Jan Spurkeland: Å leia er å vera menneskeorientert

Reidar Alvestad


For å bruka få ord var dette essensen i Jan Spurkeland sitt engasjerande og interessante foredrag i Bokn Næringsforum mandag den 14. november på Sjøhuset i Alvestadkroken.

Det var rundt 30 påmelde til næringsforumet sitt møte, som også hadde tema om obligatorisk tenestepensjon ved Olav Rossebø, og nytt frå kommunen ved ordføraren. Rundt 20 av dei påmelde møtte. Leiar av næringsforumet, Rune Vatnaland, styrte møtet greit. Litt skuffande var det at såpass mange av dei påmelde ikkje kom, og han sakna fleire frå den kommunale sektoren.

Tilbake til gamle tomter

Jan Spurkeland som var skulesjef i Bokn frå 1976 til 1980, uttrykte stor glede over å vera tilbake. Etter tida i Bokn har han vore leiarutviklar i Statoil, og dei siste åra drive eige rådgjevingsfirma innan leiarutvikling under namnet Relasjonsledelse as. Han har også skrivne fagbøker innafor relasjonskompetanse og relasjonsleiing, pluss innafor meir humoristiske område som Humor og Helse i 2002, fleire bøker om strilemiljøet m.v. Altså ein allsidig forfattar.

Dei fleste veit nok at han har skrivne rundt 10 boknaviser då han budde i Bokn. Desse finst ennå til salgs på CD på Bokn kulturkontor.



Jan Spurkeland har gode kunnskapar og lang erfaring innafor temaet relasjonskompetanse og resultat gjennom samhandling.

Kva er relasjonskompetanse?

Jan Spurkeland var i foredraget sitt inne på mange begrep og moment omkring kva det er som gjer ein person til ein god leiar innafor privat næringsliv eller det offentlege. Å ha god relasjonskompetanse er noko av det viktigaste for ein leiar.

Relasjonskompetanse forklarar Jan Spurkeland er det same som samhandling på godt norsk. Ein god leiar må med andre ord vera god på samhandling med dei som arbeider i bedrifta. På staden han bur, har Jan Spurkeland bygd seg opp ulike bygg kor ein kan øva

seg inn visse dugleiker innafor desse temaene. M.a. har han eit dialogstudio for trening på god samtale-dugleik, kor ein kan øva på å få til gode samtaler og bli god på å stilla spørsmål.

Folk skal oppleve utvikling på jobben. Trening må til, t. d. samtaletrening. Endring og forbedring i utøving av arbeidet skjer ikkje utan øving.

Jan Spurkeland har tidlegare hatt samarbeid med Kjell Schou Andreassen når det gjeld korleis idretten trenar på desse tinga. Også Nils Arne Eggen har hatt som mål å få fram det beste i fotballspelarane, og at dei kan få fram evnen til å gjera kvarandre gode. Dette er noko som også kan brukast innafor næringsliv og of-fentleg forvaltning.

På garden sin har Jan Spurkeland også eit såkalla Reflektorium - ein stad der det er godt å tenkja og få fram felles visjonar, og laga strategiar for framtida.

Han meinte også at Sjøhuset me sat i kunne vera ein god stad for eit Reflektorium. Han tenkte då både på miljøet inne i rommet, utsikten mot sundet og historia omkring.



Sjøhuset har ei god ramme for denne type tema. Vel 20 personar lytta interessert til foredraget.

Kjenn medarbeidarane dine

Dette meinte foredragshaldaren var eit viktig punkt innafor relasjonsbygging og leiing. Ein kan ikkje leia folk ein ikkje kjenner. Det handlar om å vera tett innpå folk ein skal leia. Å vera menneskeorientert og ha tillit til folk. Til fleire sider av seg sjølv folk kan bruka i jobben, til betre vil det fungera. På langt nær alt av dei tilsette sin kompetanse vil koma fram dersom jobben ikkje etterspør og oppmuntrar til at det blir lokka fram.

Konflikter

Mange er opptatt av å vinna og få gjennomslag for alt dei har tenkt, å få rett i alt. Men då blir det inga samhandling, og ein får ikkje nytte av det som kallast synergieffekten, dvs. når to er flinke i lag. Folk har mange mulegheiter i seg. Det gjeld å gjera folk gode

ved å gi tilbakemeldingar. Ros har vist seg å gi best effekt.

Jan Spurkeland meiner at det er avgjerande at ein leiar kan gjera grep for å løysa opp konflikter på ein arbeidsplass. Viss ikkje, vil det kunna øydelegga mykje av bedrifta.

Ei synleg leiing

Nokre leiarar murar seg inne slik at dei tilsette knapt veit kven dei er. Det er viktig for ein leiar å vera ein god del ute der det skjer. Skal ein påverka menneska i bedrifta, må ein vera i kontakt med dei.

Kreativitet

Ein leiar må lytta på folk, slik at dei vågar å koma fram med ideane sine. Mange har gode idear som ikkje blir tatt på alvor, og kan derved mista gløden.

Emosjonell intelligens, og kjenslemessig modenhet er også noko ein leiar må ha. Empatiske evner - evnen til å forstå andre menneske og menneskelege relasjonar, forstå menneske i medgang og motgang, er noko leiarar bør satsa på å tileigna seg, om dei ikkje har det i "bagasjen" frå før.

Også humor er ein viktig relasjonskompetanse, ikkje minst ved at det kan løysa opp spenningar og vera ein viktig kontaktfaktor.

Foredraget var både levande og engasjerande, og bar preg av at dette ikkje berre var teoretiske fraser. Sjølv hadde Jan Spurkeland mange eksempel på at teoriar han snakka om, fungerte i praksis.

Ei oppsummering frå foredraget gir sjølvstøtt ikkje noko fullgod attgjeving av alle poeng, men ein smakebit.

Det var berre gitaren og ei boknavise som mangla denne kvelden.


Obligatorisk tenestepensjon (OTP)

Etter servering av Sjøhuset si spesial-fiskesuppe kom Olav Rossebø på baren og orienterte om det nye systemet med tenestepensjon for alle som nå blir innført. Han viste prognosar på den eldre del av befolkninga som viser at talet på eldre over 67 år vil veksa kraftig framover, samstundes som levealderen blir høgare. Dette betyr at kostnader til pensjon aukar veldig i åra som kjem. Vil ein vera sikker på tilstrekkeleg til pensjonsalderen, kan ein i tillegg inngå spareavtalar med t.d. bank for å ha litt ekstra når ein går av med pensjon.

Nytt frå kommunen


Så var det ordføraren sin tur med ymse frå kommunefronten.

Han orienterte først om bedrifter som i seinare år hadde dratt inn årane, som Bokn Fiskemottak, butikken på Tåganes og i Alvestadkroken, nedlegginga av verkstaden på Alvestad, og sal av fiskeoppdrett og fiskefartøy.



Olav Rossebø fortel om obligatorisk tenestepensjon.

Men for å få litt balanse i bildet, fekk me også rekna opp positive sider, som at det går godt hos Bokn Plast, at Bokn Bufellesskap er ei stor bedrift i kommunen og får samla administrasjonen i nye kontor i Sjøhuset. Vidare satsar Grieg sterkt i Bokn, det er kome ein ny mekanisk verkstad, og eit nytt firma som heiter Bokn sjøservice. Vidare er det etablert reiselivsnett i Sunnlandsstraumen, og eit anna er under oppbygging i Lauplandsvågen. Under visse vilkår er det gjort avtale om sal av 6 mål industritomt i Knarholmen. Vidare er det skriva ein intensjonsavtale om utleige av Bokn Fiskemottak til Grieg og krabbemottak. Det er høg byggeaktivitet for hus og hytter, og høg aktivitet elles i regionen, t.d. på Kårstø.



Ordførar Svein Ove Alvestad snakka m.a. om næringsliv, kommuneplan og om arbeidet med utgreiing av ei ev. kommunesamanslåing.

med ein avtale mellom

Ordføraren orienterte også om kommuneplanen og kva den har som målsetjingar innafør næringsliv, arealbruk mv. Bokn kommune er også medlem av Haugaland Vekst, noko som har betydning når det gjeld marknadsføring av regionen. Det vart også orientert om at det var eit ynskje å starta opp ei ressursgruppe for næringsarbeid i kommunen.

Vidare orienterte ordføraren om arbeidet med å greia ut konsekvensene av ei eventuell kommunesamanslåing mellom Bokn og Tysvær, og arbeidet kommunane.

Arbeidsløyse

Ordføraren snakka også om den relativt store arbeidsløysa i Bokn. Ved utgangen av oktober var denne på 5,2% i Bokn. Dette er den høgaste arbeidsløysa av alle kommunane i Rogaland, og utgjør 19 personar med 10 kvinner og 9 menn.

Det er eit tankekors at det er så mange arbeidslause her, og ein kan spørja seg kva som er årsaka. Når det gjeld dei tre andre minste kommunane i fylket så har Utsira 0,9% ledige, Kvitsøy 2,0% og Forsand 0,6%. Ordføraren stilte spørsmål om det er noko kommunen kan gjera av tiltak i forhold til dette, og formannskapet har bede administrasjonen om ei sak kor ein må sjå om ein kan finna litt ut kva som kan vera årsaka til dette, og om det kan gjerast tiltak for å betra på situasjonen.

Kreativitetsprisen

Bokn næringsforum hadde bede medlemmene sine om å koma med framlegg på kandidatlar til denne nye prisen. Desse var foreslått:

Arsvågen Kro og Gardsmat, Kari Christensen, Erik Eikje, Erik Øvrebø, Bjarne Nedrebø, og Einar Våge med firmaet Bokn sjøservice.

Medlemmene hadde røysta på den dei ville gi prisen, og det vart Einar Våge med firmaet Bokn sjøservice som fekk prisen i form av ein krystallvase. Han var ikkje til stades, men vasen kjem nok fram til rett adresse.

Kulturkalenderen - nye arrangement/forandringar blir **utheva** kvar gong

- daglege oppdateringar i nettutgåva -

NOVEMBER

- 26. Julemiddag for ungdom på Sjøhuset**
27. Julemesse i Arsvågen kl. 11.00 - 16.00, sjå annonse s. 18.
27. Julegranstenning kl. 16.00 på skulen - arr. Bokn Røde Kors
 27. Gudsteneste kl. 19.00 - Lysmesse, alle speidarar (Ulv og Meiser, Ekornspeidere)
28. Salgsmesse i Allrommet, Boknatun kl. 14.00
 28. Me les Markusevangeliet på Bedehuset kl. 19.30
 29. Ulv og Meis, Speider - patroljemøte
30. Barnetime med Venevil Birkelund på biblioteket kl. 17.00

DESEMBER

01. Formannskapsmøte
 01. Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.00
03. Julebord i Arsvågen, sjå s. 18
 06. Grøttest for speidarane kl. 18.00 på skulen
 08. Formiddagstreff for store og små på Kyrkje bygd kl. 11.00 - 13.00

11. Gudsteneste kl. 11.00
11. Luciafest kl. 18.30, arr. Bokn musikkorps med utdeling av kulturprisen
 12. Me les Markusevangeliet på Bedehuset kl. 19.30
 13. Kommunestyremøte
16. Julekonsert i Bokn kyrkje kl. 19.00 med Hanne Krogh, sjå s. 18
 18. Nissemarsj, arr. Bokn idrettslag
 18. Juletreff på Bedehuset kl. 15.00, arr. Ekornspeidarane
 24. Gudsteneste kl. 14.00
 26. Gudsteneste kl. 11.00
 28. Juletreff på Bedehuset **kl. 19.00 - arr. Frelsesarméen og Bedehuset**
 31. Gudsteneste kl. 16.00

JANUAR 2006

- 13. Kino i Auditoriet**
22. Tur til Borgenvik med Ekornspedaren, ski der som snø

Tøffe 4-åringar og knallfin musikk

Merete Alvestad

Familiegudstenestene på Bokn er fine opplevingar. Søndag 13. november var det ekstra mange ungar i kyrkja, og det gjev liv og mange smil.

Denne søndagen skulle 4-åringane få barnebibelen sin. Nytt av året var at dei var samla ein time på laurdagen for å verta betre kjent med kyrkja, og førebu seg litt. Eg veit ikkje om det var det som gjorde utslaget, men eg tykte det var nokre kjempetøffe 4-åringar som spaserte opp til presten for å ta i mot boka si. Flinke til å svara for seg var dei og. Me er stolte av dei.


Presten haldt ei fin preike med teikningar og transparentar til hjelp. Kjekt å høyra at ungane vågar å svara når presten spør. Det er nettopp tovegs kommunikasjon me treng for at gudstenesta skal vera eit samspel, og ikkje ei førestelling.

Som alltid var det flott å høyra barnekoret syngja. Dei fortener all skryt me kan gje dei, både ungar og vaksne gjer ein fantastisk jobb. Spesielt stilig var det at to konfirmantar var med på akkompagnementet. Ein ekstra klapp for dei.

Me nærmar oss jul, og litt av kvart skal skje i kyrkja, på bedehuset og på skulen. Eg vil på førehand rosa alle som er med på å ställa i stand arrangementa, og alle dei foreldra som stiller opp på tilstellingane i ei travel førjulstid. Det at heile bygda kan komma saman no i den mørke årstida, spreier lys hjå oss alle. Dette er noko av det som gjer Bokn til ein ekstra god plass å bu.

ØVERST: Arne Aurdal intervjuer fv. Annelin D. Jøsang, Sven Jøsang, Tomas M Alvestad, Jakob Andreas Hausken, Endre Øvrebø og Sander Aksdal. Adrian Hesthammar ligger i skjul bak Aurdal.

NEDERST: Barnekoret synger "Jungelens konge".



Pensjonisttrim i friluft

Reidar Alvestad

Friluftslivets år 2005 er utpeika til Friluftslivets år, og eldrerådet i Bokn har tatt initiativ til å gjera noko ut av det.

Først prøvde dei å få til eit samarbeid med idrettslaget for å få litt drahjelp derifrå. Kanskje det kunne etablerast ei eiga seniorgruppe inn under idrettslaget. Dette blei det ikkje noko av, og på forrige møte i eldrerådet bestemte dei at nå ville dei starta opp ei turgruppe sjølv.

Som sagt - så gjort. For nokre veker sidan fekk leiaren i eldrerådet, Bjørg Alvestad, med seg to-tre andre pensjonistar. Dei møter opp kvar mandag kl. 15.00 utafor den søre inngangen til Boknatun, kledde etter véret. Med seg har dei litt kaffi i termos og noko å bita i.

Så går dei nordover turstien frå byggefeltet i Føresvik i eit tempo som passar den enkelte. Dei tar ein pause nord på turstien der det står bord og benker og tar kaffi. Etterpå går dei tilbake same veg til Boknatun. Nokre har turstavvar som dei nyttar seg av.

Fleire deltakarar

Ryktet om turgåinga har spreidd seg litt blant pensjonistar, og etterkvart er det fleire som har hengt seg



Den 7. november var det 6 personar pluss ein hund som sto klare til å starta mandagsturen. Frå v: Jon Eiksund, Gunvor Eiksund, Marie Dirdal, Bjørg Alvestad, Jorunn Larsen med hunden Mira, og Arne Ognøy.

på. Dei har eit par mandagar vore opptil 8 personar som har gått i lag. Til saman er det nå over 10 som har vore med. Det er berre å møta opp på mandagar kl. 15.00 og bli med. Ein tur i fri natur gjer underverk for både kropp og sjel, og alle er velkomne.

Dikt

båten og eg

det var når stormen blåste som verst at båten dreiv i mot land
eg hadde dreggen ute men fant ikkje feste i sand
ei klippefast tru på at galt aldri blir rett
ville ikkje hjelpa botnen var og blei slett

det var når stormen blåste som verst båten slo mot steinlagt strand
eg hadde vore trygge på havet å med to bein trygt på land
mot havets enorme krefter sto land standhaftigt og hardt
ikkje ei stjerna lyste nåttå var malt med kullsort svart

båten ville te havet å eg ville te land
men me var fanga i kavet og såg stein malas opp til sand
eg holdt fast i et halmstrå julaneket fra i fjor
det har redda liv før men ka med båt å førar om bord

ein krig på barrikadene er ikkje menneskets sted
å stå midt i skuddlinjå bringe oss ikkje fred
naturen gjer rektigt men me kan synast det e galt
me har jo kontrollen det er det me blir fortalt

me balanserte på tynne lina båten å eg
mens hav å land å krigen besinna seg
naturen kan ver voldsom men roe havet heilt slett
eg smilte å takka for livet å at galt aldri blir rett

Kjetil Hamre

**FORELDREKONTAKTAR
SKULEÅRET 2005/06**

Årssteg

- | | |
|----|---|
| 1 | Gry K. Øvrebø
Fredrik Faye |
| 2 | Julianne Nilssen
Tore Øvrebø |
| 3 | Torny Ø. Rossebø
Odd Øyvind Hognaland |
| 4 | Terje Hognaland
Mona Våga |
| 5 | Jan Kristian Jøsang
Anne Lise T. Nilssen |
| 6 | June Kro
Odd Grønnestad |
| 7 | Gerda Knutsen
Elisabet Taraldlien |
| 8 | Jorunn Schmeichler
Bernhard Våge |
| 9 | Trond Vatnaland
Iren Jøsang |
| 10 | Hilde Skeie
Venke G. Våge |

**NYTT ARBEIDSUTVAL FOR
FORELDRA (FAU)**

Foreldrekontaktane hadde møte 24.10.2005 og valde følgjande FAU:

Fredrik Faye (leiar)
Jan Kristian Jøsang
Iren Jøsang
Bernhard Våge
June Kro

Det er desse 5 som møter for foreldra i skulen sitt samarbeidsutval (SU).

**KVA OPPGÅVER HAR
FORELDRERÅDET OG FAU?**

Foreldrerådet er eigentleg alle foreldra som har barn ved skulen.

I Bokn er det mange år sidan foreldra av praktiske grunnar fastsette at dei 20 valde foreldrekontaktane skulle fungere som eit foreldreråd og velje arbeidsutvalet (FAU).

I Opplæringslova §11-4 står det følgjande om foreldreråd:

"På kvar grunnskule skal det vere eit foreldreråd der alle foreldre som har barn i skolen, er medlemmer.

Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og medverke til at elevane og foreldre tek aktivt del i arbeidet for å skape godt samhald mellom heimen og skulen, leggje til rette for trivsel og positiv utvikling hjå elevane og skape kontakt mellom skulen og lokal-samfunnet.

Foreldrerådet vel eit arbeidsutval. Arbeidsutvalet vel to representantar til samarbeidsutvalet. Leiaren for arbeidsutvalet skal vere den eine av representantane."

Også når det gjeld val av foreldre til

samarbeidsutvalet har Bokn eit avvik frå Opplæringslova. Foreldra i Bokn vel ikkje 2 men 5 representantar til samarbeidsutvalet. Dei 5 skal vere minst ein frå kvart av dei tre stega. Denne utvidinga er gjort for å styrke foreldrerepresentasjonen i SU.

**NYTT SAMARBEIDSUTVAL (SU)
FOR SKULEÅRET 2005/06**

Det nye SU var samla for første gang 26.10.2005, og består av

- | | |
|-----------------|----------------------------------|
| For foreldra: | |
| Småsk.st.: | FredrikFaye |
| Mellomst.: | Jan K. Jøsang |
| Ungd.sk.st.: | Iren Jøsang |
| Ekstra repr. 1: | Bernhard Våge |
| Ekstra repr. 2: | June Kro |
| For elevane | Daniel Dobrev
Elisa Skeie |
| For personalet | Ruth S. Andersen
Arne Hosaaas |
| For kommunen | |
| ordførar | Svein O. Alvestad |
| rektor | Ingjerd Ellingsen |
| seksjonssjef | Dag Halvorsen |
| Leiar: | Fredrik Faye |
| Nestleiar: | Iren Jøsang |

**KVA OPPGÅVER HAR SKULENS
SAMARBEIDSUTVAL?**

SU er eit rådgjevande, kontaktskapan- de og samordnande ledd for partane i skulesamfunnet.

SU har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen.

Kommunestyret kan delegerere avgjerdsrett til SU.

Kommunestyret har delegert til SU

- å fastsetje skule- og ferie- dagar
- å fastsetje ordensreglar for skulen.

SU er omtala i §11.1 i Opplæringslova.

PLANDAGAR I BARNEHAGEN

Styrar i barnehagen har no fastsett dato for 3 av dei 4 plandagane som står att. Dei 3 er 12.12.2005, 30.01.2006 og 31.03.2006.

Den fjerde og siste datoen vil foreldra få så snart den er klar.

BUDSJETT 2006

**OG MOGLEGE KONSEKVEN SAR FOR
KULTUR, BARNEHAGE OG GRUPPE-
DELINGA I SKULEN SKULEÅRET
2006/07**

Me har tidlegare teikna eit heller dystert bilde av moglege konsekvensar av rådmannens budsjettframlegg for 2006. I verste fall kunne nesten 2 årsverk bli borte i skulen frå 01.08.2006. Grunnen til dette dystre bildet var innsparring på kr 150.000 i 2005 og ytterlegare kr 300.000 i 2006.

Endringar i kommuneøkonomien gjer at rådmannen no har styrka sitt budsjettframlegg for kultur, skule og barnehage med kr 200.000.

Rådmannen har også gjort ein del andre endringar som styrkar spesielt sku-

lebudsjettet.

Rådmannen sitt justerte budsjettframlegg legg til grunn at talet årsverk i skulen ikkje blir redusert samanlikna med hausten 2005.

**SKULE IKT-PLAN OG BUDSJETT
2006 I SU 26.10.05**

SU hadde Skule-IKT planen til uttale og tilrår sterkt at kommunestyret vedtek planen slik den ligg føre. For 2006 betyr det mellom anna styrking av IKT-bemanninga på skulen, satsing for at IKT-systema skal få tilnærma 100% oppetid, betre tilrettelegging for lærarane i deira arbeid, og nytt og sterkt fokus på "pedagogisk IKT-kompetanse".

SU hadde også budsjett 2006 til uttale og tilrår at skulebudsjettet blir vedteke slik det i dag ligg frå rådmannen med tillegg av det som ligg i Skule IKT-planen.

SU vil spesielt prioritere lærarstillingar til god gruppedeling (klassedeling), stillingar som pedagogisk og teknisk "IKT-superbrukar" slik det står i Skule IKT-planen, og investering i grupperomstilbygg på vestsida av skulen.

**SPØRJEUNDERSØKING RUNDT
OPPVEKST**

Helsesøster vil gjerne gjennomføre ei brei spørjeundersøking for ungdomsskuleelevane. Undersøkinga gjeld alle moglege sider ved korleis ungdomen har det. SU fekk i møtet 26.10. høyre litt om kva det vil bli spurt om, at det vil kome informasjonsskriv, og at den einskilde kan reservere seg mot å delta.

Hensikta med undersøkinga er å finne ut kor ein best bør satse når ein skal styrke oppvekstmiljøet.

SU tilrår at undersøkinga blir gjennomført.

Heil uavhengig av denne lokale undersøkinga kjem det seinare ei nasjonal røykjeundersøking.

**ORDENSREGLANE
DRØFTA I SU 26.10.**

Elevrepresentantane i SU tok opp ordensreglanes punkt 10 der det står at "Elevane skal vere ute i frisk luft i friminutt. Avvik frå dette må vere etter avtale med rektor og grunngjeve med vanskelege værtilhøve eller omsyn til skulearbeidet".

Dei ville at ungdomsskuleelevane skulle ha sterkare rett til å vere inne i friminutta.

Fleire meinte at det var for tidleg å re- vurderere ordensreglane, dei blei sist vedteke så seint som 16.06.2004. Ordensreglane er som kjent ei forskrift og det er ein ganske omstendeleg saks- gang når dei skal endrast.

Elevane blei oppfordra til å ta dette opp i elevrådet og drøfte det der. Elevrådet kan velje å fremme sak for SU om endringar i ordensreglane.

Leseprojekt i 5. – 7. ved Bokn skule

Tekst: Arne Hosaas - foto: JH



Onsdag 5. okt. starta mellomtrinnet ved skulen opp leseprosjekt i samarbeid med biblioteket.

Dette gjer vi for å halda ved lag og utvikle vidare barna si glede ved å lese.

Dei får små premiar for kvar femte bok

dei les, og bokormen til kvar klasse veks heile tida.

Kvar fredag lagar vi i fellesskap statistikk for kor mange sider som er lese i kvar klasse den siste veka.

Statistikken så langt viser: 5.kl 8600 sider, 6.kl 10000 sider og 7. klasse

10.300, så her er det jevnt.

Elevane får noko tid på skulen til å lese og ein time i veka fortel dei om bøker dei har lese for kvarandre.

Fram mot jul vert det skikkeleg innspurt før vi rundar av med ein skikkeleg bokormfest der det sikkert blir ei og anna overrasking.

OD 2005

Anne L. Faye

(Operasjon Dagsverk: Noregs største solidaritetskampanje – av, med og for ungdom)

Handel med levande menneske er no den tredje største illegale verksemda i verda. Berre i Brasil har ein påvist over 290 handelsruter for eksport av menneske til den rike delen av verda. Dei fleste av desse er unge jenter, mange under 18 år, med håp om eit betre liv i eit anna land. I staden endar dei opp somprostituerte i Lisboa, Madrid, Amsterdam eller... Oslo, ofte truga og trakassert av kyniske bakmenn som skyr få middel for å tene pengar på i investeringane sine.

Operasjon Dagsverk støtta i år brasiliansk ungdom i kampen mot menneskehandel. OD, som samarbeidde med Kirkens Nødhjelp støtta prosjekt som arbeidar for å hindre rekruttering av kvinner og barn ved å styrke deira rettar og levevilkår og sikre dei beskyttelse og hjelp. OD 2005 ønska både å bidra til å førebygge menneskehandel og setje søkelys på etterspurnaden som bidrar til å skape ein marknad for handelen med menneske.

Elevane ved ungdomsskulen valte i år som så mange gonger før å delta på OD. Dei ofra rett og slett ein dag av si utdanning for å jobbe. Alt dei tente gjekk rett til prosjektet. Elevane hadde varierte arbeidsoppgåver; husarbeid, passe småsysken, hjelpe til på garden,

selje vaflar osb. Dei aller fleste elevane fiksa jobb sjølv, sjølv om det var "ganske flaut å ringe til nokon ein ikkje kjenner..."

I forkant av OD-dagen, hadde elevane ein halv "internasjonal dag". Der fekk elevane delta i ein annleis gymsstime, sjå ein film frå Brasil, der problemet blei sett fokus på og delta i diskusjonar. Dei fleste skjønnte veldig godt kvifor desse unge jentene trong pengane meir enn dei sjølve.

Det var ein stolt OD koordinatør som kunne gå i banken og setje inn den nette sum av **6551,-** Desse pengane vil komme godt med, og alle dei elevane som deltok fortener ein stor takk og mykje ros for den framifrå innsatsen dei hadde ved OD 2005.

Ny spesialavfalls plass?

Blir containeren i Sunnalslandsstraumen den nye plassen for spesialavfall?

Har ingen tatt lærdom av hva som skjedde ved at containeren ved Boknabergsvatnet ble fjernet?

Hilsen
Else Øvrebø

Publisert 09.11.05



Apropos


Det er dessverre ikkje berre i Straumen det blir sett ting som ikkje skal vera der.

Fryseboksar kan ein også sjå både på Hognaland kai og på miljøstasjonen i Føresvik.

Vil eit framtidig mottak for stor-elektrisk ved Coop Bokn, slik styrar Annbjørn Sunde er positiv til, vera løysinga?

Kven vil i tilfelle ta initiativ til dette?

- redaktøren -



Klassesamanslåing

Fleire midler til kommunen i forbindelse med framlegg til nytt statsbudsjet.

Eg les at Bokn kommune ser ut til å få 2,4 millionar kroner ekstra frå staten som følgje av Soria Moria-erklæringa som vart lagd fram frå den nye regjeringa.

Eg ynskjer å ytra følgjande:

Det er viktig å yta nok til at Bokn Skule i framtida kan vera ein fulldelt skule, med ein lærar på kvart klassetrinn. Ikkje samanslåtte klassar slik det er blitt dette skuleåret.

Eg har forstått det slik (utan at dette er sjekka) at det er 15 lærarstillingar på

skulen, og dette burde vel vera nok til å kunna ha berre heile klassar. Slik eg ser det, men dette er ikkje noko eg kan mykje om, lenger. Mykje har endra seg i skulen. Men er alt til det betre?

Eg forstår det og slik at det går ganske bra med klassesaman-slåinga, men det er ein kraftig kime til uro blant foreldra til borna i desse klassane. Kor lenge går dette bra spør ein seg. Er det dette me ynskjer for borna våre?

Eg har ennå til gode å snakka med ein forelder som er for å slå saman klassar. Det synest eg at skule-leiinga og politikarane – dersom dei har eit ansvar her - skulle ta inn over seg. Eg trudde at foreldre hadde eit kvart dei skulle ha sagt når det kjem til slike av-


gjørsler. Men nei. I vår fekk me som er foreldre eit svært kort varsel, faktisk så kort at me ikkje rakk og snu oss før ting var vedtatt og "i boks".

For at det i framtida skal vera eit levande miljø, med fortsatt vekst og bærekraftig utvikling i Bokn, enten som eiga bygd eller kommune, meiner eg at det er viktig at midlane blir plasserte der dei gir ein god avkastning. Den beste avkastninga man kan få i eit lokalsamfunn er at samfunnet satsar på framtida. Dei unge er, og har alltid vært, nettopp framtida. Sats pengane her.

Olav Lande Rossebø

Publisert 16.11.05

Me gratulerer



Sander Alvestad fyller
5 år den 15.12

Gratulere så mye med
dagen!

Hilsen mamma og pappa

Bygdabladet presenterer små og
store jubilarantar.

Send inn papir- eller digitalbilde
og ein liten tekst, enten i konvolutt,
som e-post:

jardar@bygdabladet.no eller
som **MMS: 98 22 15 08**

Etterlengta sjøhus og båt plasser

Vil med dette leserinnlegget oppfordre våre politikere til å ta den rette beslutningen når det gjelder ny reguleringsplan for Føresvik.

Mitt budskap til dem er følgende: **Ikke omregulerer kommunens naustområde til boligområde!!!**

Begrunnelsen for dette er:

- **I Bokn kommune er det ikke mangel på ledige hustomter..**
- **I Bokn kommune er det stor etterspørsel/mangel på båt plasser/naustplasser.**

Dette bekreftes også av Fylkesmannen i hans høringsuttalelse til Kommuneplanen, hvor han sier:

Sitat: "Det er vårt inntrykk at kommunen har relativt stort omfang av ledige byggeområder til boligformål" - sitat slutt.

Fylkesmannen sier dette om naust og båt plasser:

Sitat: "som påpekt vil det være en stor utfordring å planlegge for nye naust og båt plasser innen Bokn kommune, og vår generelle oppfatning er derfor at kommunen planlegger for fellesanlegg" - sitat slutt.

I tillegg er det en helt klar politisk målsetting at det skal til rette legges for småbåthavner i kommunen. Denne klart definerte målsettingen bekreftes også i Kommuneplanen som Forvaltningsstyret nettopp har behandlet.

Når man da vet at det nærmest er umulig å få ny naustplass og svært vanskelig å få båt plass, og det er en politisk målsetning at det skal tilrettelegges for dette, ønsker jeg å stille politikere og leserne følgende spørsmål:

Er det riktig å omgjøre kommunens naustområde i Føresvik til kanskje å bli boligområde i strandsonen?

Det er dette som nå står i fare for å

Anlegget på Kvitsøy



skje. Bokn kommune har i dag en ca. 2 mål stor tomt med 40-50 meter strandlinje i Føresvik. Den ligger i et område som i dag er regulert til småbåthavn/sjøhus, i følge gjeldende reguleringsplan. Med andre ord et tilrettelagt område for sjøhus og båt plasser. Har Bokn kommune andre områder som kan erstatte dette i Føresvik, hvis dette blir boligområde?

Det er et formannskapsvedtak på at tomten skal selges når vei-forholdene er avklart. Jeg har derfor levert inn et utbyggings-forslag som innebærer at det blir bygget 9-10 nye naust på eiendommen, og det vil bli laget ny molo hvis reguleringsplanen gir adgang til å benytte steinmassene på eiendommen. En molo med flere nye båt plasser.

Bildene fra Kvitsøy viser hvordan dette ser ut der ute, og det er et lignende anlegg jeg har foreslått bygget i Føresvik.

Dette skal bygges ut sammen med fle-

re av innbyggerne i Føresvik, og vil bli et maritimt nærmiljøanlegg som ikke vil påføre kommunen kostnader, men derimot inntekter.

Etter over et år med venting på at forslaget skal bli vurdert, håper jeg at Forvaltningsstyret avgjør at kommunens område fortsatt skal være regulert til naustbebyggelse, og at det gis adgang til å benytte steinmassene på området til molo.

Jeg eier selv en av nabotomtene til kommunen og har bedt kommunen lage like reguleringsbestemmelser for min eiendom som de lager for kommunens eiendom.

Ser med spenning frem til av-gjørelsen den 29. november, når dette skal behandles i Forvaltningsstyret.

Johannes Nilssen

Publisert 16.11.05

Julegåvetips i Servicetorget

Boknaspenna, smykke (oksydert)	kr. 1.400,-
Boknaspenna, nål (gullforylt)	kr. 1.100,-
Bokn gard og ætt, band 1	kr. 400,-
Bokn gard og ætt, band 2	kr. 400,-
Vakre trehus i Rogaland	kr. 400,-
Bokn gard og ætt, CD *****	kr. 300,-
Boknaminner, CD med Jan Spurkeland	kr. 150,-
Årgangar av Bygdabladet - pr. stk. (2001—2004)	kr. 100,-

***** Begge bygdebøkene på ein CD, i PDF-format. Forbehold om at plata blir klar til veke 51.

Interesserte tar kontakt på 52 75 25 00



Naust i Føresvik

Påvirkning av politikere i forbindelse med regulering av område i Føresvik, jfr. leserinnlegg fra Johannes Nilssen 16.11.05.

For ordens skyld: Jeg er en av deltakerene i Nilssens naustprosjekt i Føresvik.

Bokn kommune er en kommune hvor ca 25% av arealene ligger i strandsonen. Det vil si at 25% av mulighetene til å bedre/utvikle lokalsamfunnet videre ligger i strandsonen. Faktisk mye mer om en regner etter.

Noe av det første som slo meg da jeg flyttet til Bokn for 16 år siden, var brosjyren som jeg leste. Der sto det blant annet; "...en kommune med 100 km strandlinje...." Hvor jeg i etterkant har tenkt at; 100 km strandlinje, og ikke en eneste plass å legge båten.....

Joda, i etterkant er det kommet

båtplasser i Knarholmen. Og nå kommer det flere. Og det er vi takknemlige for. Men fredeles ligger vi som har båtene våre i dette anlegget på en midlertidig tillatelse. Altså ikke permanent. Det ble gjort et ærlig forsøk på å lage til en molo og en havn i Hålandsjøen, men dessverre var massene der dårlige og ikke tilstrekkelige. Mye mer må til. Det koster penger. Mye penger.

Johannes Nilssen har laget et reguleringsforslag av Bokn kommunes eiendom i Føresvik. Dette innebærer en mulig utbygging av inntil 10 sjøhus innenfor molo. Bak sjøhusene vil det bli et areal som kan nyttes til mange formål. Dette arealet kan for eksempel nyttes av skole, speider, velforening og andre. Det ligger svært bra til med tanke på å ta i mot båtturister. Et kjempebra område med mange muligheter. Og dette er faktisk GRATIS for kommunen.

Hovedpoenget mitt er at kommunen

nå kan få et anlegg som inkluderer molo, sjøhus, nærmiljøanlegg og evt. ivaretar båtturisme - gratis. De kan faktisk tjene penger på det. Pengene får ganske sikkert ben å gå på, men en løsning kan jo være å bruke dem sammen med allerede avsatte midler til å ferdigstille molo og anlegg i Hålandsjøen. To fluer i en smekk!

Det vil si, dersom det blir bygget sjøhus og molo i Føresvik. Dersom det blir regulert til boligområde kommer Nilssens og Fylkesmannens poeng klart til sin rett; Bokn mangler plasser til sjøhus og båtplasser. Det blir mindre plass til dette dersom vi bygger boliger der vi kunne hatt naust. Det er som kjent lite praktisk å bygge sjøhusene i høyden hvor boligene kunne vært bygget.

Olav Rossebø

Publisert 17.11.05

Lokalt

Stengd dør og dårleg informasjon

Jardar Havikbotn

TANNLEGE

Tannlegen i Bokn forsvann utan at pasientane visste det.

Frå veke 45 har det visstnok ikkje vore tannlege i Bokn. Ein lapp ved sida av døra i 2. etasje på Boknatun fortel at kontoret er stengd inntil vidare og at folk må ta kontakt med tannklinikken i Tysvær ved akutte behov.

Beklageleg

Overtannlege Eivind Hauge ved Haugesund tannklinik, som har ansvaret for tenesta i vårt distrikt, fortel til Bygdabladet at det heile skuldast ei akutt omprioritering pga. sjukefråvær.

- Eg beklager sterkt dersom informasjonen ikkje har kome fram til pasientane, seier Hauge, som m.a. har gått ut i frå at det har stått telefonsvarar på. Noko det ikkje har, Servicetorget kan opplysa om folk som har ringt og etterlyst tannlegen, som er på kommunen sitt sentralbord. Dei besøkande har kome ned til Servicetorget etter at dei har møtt stengd dør. Og Servicetorget har ikkje fått noko informasjon om det heile, slik at dei kan orientera publikum om situasjonen.

Slik som td. til ein lærar ved Bokn skule som ringde ned etter at elevar hadde kome opp igjen som

spørsmålsteikn. Desse elevane, som hadde fått vanleg innkalling, hadde då møtt ein plakat. Eivind Hauge legg seg flat for kritikken og snakkar om ein rutinesvikt, m.a. om brev som ikkje har kome fram i tide.


Langvarig?

Han seier at lengden på omprioriteringsperioden på Haugalandet er usikker, og det kan godt bli tannlegenestener igjen i Bokn før nyttår, men det kan også gå fleire månader. Det som dessverre er sikkert er at noverande tannlege sluttar 11. januar, og at distriktet vil ha fire tannlegar for lite etter nyttår.

I følge rådmann Jan Erik Nygaard er det ein intensjon frå fylkespolitisk nivå om å ha gode tannlegenestener i Bokn. Fylkestannlegen har også ein gunstig leigeavtale med Bokn kommune med tanke på dette. La oss håpa det ikkje går lang tid før det er tannlege på plass igjen.

Pasientar blir oppfordra til å ta kontakt med Servicetorget på Boknatun, som etter ei orientering frå Haugesund tannklinik no skal gi oppdaterte opplysningar om saka.





Kragere 2013

Du vet hvor dyrt det er å ha ferie.
– Spar til den dagen livet kun består
av fridager.

Noen hendelser i livet får store økonomiske konsekvenser.
Ta kontakt med oss i dag på telefon 02002 eller stikk innom oss i Bokn.

Vit at vi er der.

SpareBank 1 SR-Bank

TILBUD STEINFRI SKJELLSAND

Kr. 150,- pr. m3 fritt utkjørt innmark
 Kr. 160,- pr. m3 fritt utkjørt utmark

Kontakt Morten Ullenes
 4150 Rennesøy

51 72 31 33 900 16 817

Hårsmiå

Hei, nå er det snart jul. Vil du ta juleklippen hos meg får du med gratis hodemassasje om du ønsker.

Har åpent alle hverdager + lørdagene 3. og 17. des.

For bestilling:
 52 74 86 47 - 99 03 72 03

Julegavetips: Gavekort eller fine hårprodukter.

Ønsker alle en riktig god jul og et godt nytt år!

Knalltørre ved

Låvetørket blandingsved, eik, furu m.m. - 30 cm i 40 liters sekker
 Kr. 30,- pr. sekk - tilkjørt

Tlf. 97 16 56 84

Ny webside for Bogn kyrkje:

www.kyrkjaibogn.no

Ekstrahjelp søkes

Søknadsfrist 15.12

Kontakt Annbjørn
 52 74 83 16 for info

Coop marked Bogn



Arsvågen Kro & Gardsmat as

KJØTT OG GARDSPRODUKTER

5561 BOKN

Tlf. 52 74 80 00 - Fax 52 74 80 01

JULEMESSE

Vi arrangerer stor julemesse, søndag 27. november kl. 11.00 – 16.00

Mange utstillere, med mange varierte produkter.

Vi serverer Pinnekjøtt m/dessertbufè fra kl. 12.00



JULEBORD

Lørdag 3. desember arrangerer vi julebord med koldtbordbufè

Pris pr. person kr. 400,-

BORDERLINE spiller opp til dans.

Bindene påmelding senest mandag 28/11.

Bogn Røde Kors minner om følgende:

Julegranstenninga søndag 27.11, som startar på skulen kl. 16.00. Ring 90 63 64 64 viss du treng skyss.

Sal av juletre, tinging på tlf. 98 22 15 14 eller 99 22 11 23

Julegavetips: **Førstehjelpsutstyr**, ring 98 22 15 14



Julekonsert i Bogn kyrkje 16.12 kl. 19.00

Det er fire år sidan Hanne Krogh hadde konsert saman med barnekoret vårt, Voice of Joy frå Haugesund og bognaren Anne Tove Øvrebø i ei fullstappa kyrkje.

Anne Tove og Voice of Joy er også med denne gong i tillegg til tenoren Torstein Sødal.

Det er i skrivande stund uvisst om barn blir med på konserten.

Billetter kostar kr. 250 og kr. 125 og kan kjøpast hos Coop Bogn

Mandag til torsdag
 09.00 - 17.00
 Tlf. 52 74 83 16

COOP BOKN

Fredag 09.00 - 18.00
 Lørdag 09.00 - 14.00

- Dagligvarer
- Medisinutsalg
- Postfilial
- Bensin—Diesel
- Driftsmidler
- Bank i butikk

coop
 marked

Div. tenester på Boknatun

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.
Direktenr. 52 75 25 33. Ta kontakt for avtale.

Geir Austvik - fysioterapeut

BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag kl. 09.00 - 15.00
ved fysioterapirommet.

Enkelte andre dagar etter avtale.

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.

For timebestilling tlf. 52 74 84 79

Direkte nr. på tysdagar: 52 75 25 33

Rita Jensen - fotterapeut

TRYGDEKONTORET

Kontortid kl. 9.00 - 14.30
Telefontid kl. 8.00 - 15.30

Trygdeetaten i Rogaland får nytt
Kundesenter og nytt telefonnummer
fra 1. desember 2005

815 81 000

E-post: rogaland@trygdeetaten.no

Ingunn Sunde - trygdesjef

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag i Boknatun
kl. 9.00 - 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre
vekedagar, tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset - jordbrukssjef

DAGSENTERET

Tid: kl. 10.00 - 14.00

Stad: Fellesstova til omsorgsbustadene.
Trenge du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkommen.


Påmelding på tlf. 52 74 83 09

Julianne Nilssen - aktivtør

Stort for-
sidebilde:

Storfangst

Foto:
Jardar
Havikbotn



Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Frist for
innlevering av stoff er etter avtale med
redaktøren. Bladet kjem ut 10 gonger i året,
ikkje januar og juli.

Eit abonnement kostar kr. 300,- pr. år, gratis
for bortebuande skuleelevar og studentar.

BYGDABLADNEMND

Svein Ivar Langhelle

Eva Moi

May Jorunn Vatnaland

TILSETTE

Jardar Havikbotn, redaktør

Tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08

E-post: jardar@bygdabladet.no

Reidar Alvestad, journalist

Tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04

E-post: reidar@bygdabladet.no

Linda Ognøy, medarbeidar

Tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82

E-post: linda@bygdabladet.no

ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 620,-

Halvsida kr. 380,-

Kvartside kr. 190,-

1/8 side kr. 125,-

Privatann. kr. 40,-

Fastann. etter avtale

www.bygdabladet.no

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag kl. 08.30 - 15.00.

Vi kan t.d. hjelpa deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandlar i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte - Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 og 52 75 25 11.
E-post: postmottak@bokn.kommune.no

Gro A. Sørensen
Seksjonssjef servicetorg

Sesongslutt

Tekst: Kjetil Hamre - foto: JH



Over halvparten av skuleelevene spiller fotball. Alle var ikke til stede da bildet ble tatt.

Rundt 65 spillere fordelt på 6 lag hadde torsdag 10. november fotballavslutning i gymsalen på skulen.

En lang sesong som inneholdt ca. 70 seriekamper, cupdeltagelse, seire, uavgjorte og tap er over og alle spillere fikk et bevis på innsatsen sin. Etter mat ble det spilt bingo og som på fotballbanen ble det noen vinnere.....og noen tapere.

Jeg har sett litt på sesongens resultater og det som er mest fremtredene er at lagene har hatt en veldig utvikling gjennom sesongen. Satsingen på trivsel og bredde viser tydelige resultater. Slaktofferet Bokn begynner å vise tenner.

Takk til alle spillere som gir oss så mye av seg selv! Vi har fått et utmerket utgangspunkt for neste sesong

og jeg håper dere vil få det minst like gøy på fotballbanen neste år. Takk til publikum og deres innsats. Støtten til lag spillere og trenere settes virkelig pris på.

Lykke til med neste sesong både store og små. Jeg gleder meg allerede til sesongstart! Begynner ikke banen å bli vårgønn allerede???

Oppslutningen om fotball har økt jevnt og trutt og det er en utfordring for B.I.L. Alle lag trenger trener og oppmann og neste år vil det kunne bli enda flere lag påmeldt til seriespill. I tillegg trekker trenerne for dagens G-13- og J-10 lag seg.

Kabalen er i ferd med å gå opp, men er det noen som føler kallet er det bare å ta kontakt med idrettslaget. Her finnes arbeidsoppgaver som vil passe de fleste.